

Møre og Romsdal SV  
Morten Feiring  
morten.feiring@n-lt.no

## Vedtak om formell åtvaring for brot på partilova sin frist for innrapportering av bidrag mottatt i valår

I brev av 14. september 2021 varsla Partilovnemnda om moglege vedtak om formell åtvaring eller avkorting i statsstøtta fordi Møre og Romsdal SV

- 11. juni 2021 fekk eit eller fleire bidrag på kr. 3 152,- frå Yvonne Wold, som samla utgjorde kr. 18 865,-. Bidraga blei først rapportert inn 24. august 2021, dvs. 46 dagar etter utløpet av den fristen som er fastsett i partilova § 18 nr. 4.
- 12. juli 2021 fekk akkumulerte bidrag på kr. 22 017,- frå Yvonne Wold. Bidraget blei først rapportert inn 24. august 2021, dvs. 16 dagar etter utløpet av den fristen som er fastsett i partilova § 18 nr. 4 (jf. [www.partifinansiering.no](http://www.partifinansiering.no)).

### Merknader frå partiet/partiledet

I e-post av 14. september 2021 skriv Morten Feiring, kasserar i Møre og Romsdal SV:

"At dei to omtalte beløp er rapportert etter frist skuldast eine og aleine ei forgløyming frå underteikna si side. Det var beklageleg og skal ikkje skje, men det skjedde – i ei periode prega av mykje som skjedde i ei hektisk arbeidsperiode på jobben og med påfølgjande 4 veker ferieavvikling."

### Partilovnemnda sitt syn på saka

Ei av Partilovnemnda sine oppgåver er å gjere vedtak om administrative sanksjonar når eit parti eller partiledde bryt reglane i partilova § 18 nr. 4 (jf. partilova § 24 nr. 2 bokstav c) og partilovforskrifta 5. februar 2014 nr. 107 § 6-1 nr. 1).

Korrekt innrapportering og publisering av bidrag i valår er viktig for å realisere lova sitt formål om openheit om finansieringa av dei politiske partia. Manglande kunnskap om regelverket eller sviktande interne rutinar gjev ikkje grunn til å bryte lova. Partiet/partiledet har sjølv ansvaret for å organisere seg slik at dei fylgjer reglane.

Partilovnemnda har difor kome til at den forseinka rapporten skal sanksjonerast med ei formell åtvaring. Åtvaringa inneber ei prøvetid på to år frå vedtakstidspunktet. I prøvetida kan nye brot på partilova eller partilovforskrifta bli sanksjonert strengare enn det som elles ville ha vore

**E-postadresse:**  
post@partilovnemnda.no  
**Internett:**  
www.partilovnemnda.no

**Kontaktperson:**  
Daniel Giske  
Tlf. 22 24 68 73

**Postadresse:**  
Partilovnemnda  
Postboks 14  
6801 FØRDE

praksis for tilsvarende brot. I nokre tilfelle kan Partilovnemnda då òg vedta avkorting i den statlege partistøtta.

Med heimel i partilova § 24 andre ledd, jf. § 28 gjer Partilovnemnda fylgjande

**Vedtak:**

Møre og Romsdal SV får ei formell åtvaring.

Åtvaringa gjeld for to år frå og med datoen for vedtaket.

Vedtaket er gjort med tilslutning frå alle medlemmer, jf. partilovforskrifta § 7-2 nr. 2.

\*\*

Vi gjer for ordens skyld merksam på at bidrag og skal takast med i rapporten for rekneskapsåret 2021.

\*\*

Ein kan ikkje klaga på Partilovnemnda sine vedtak, jf. partilova § 28 nr. 2, og søksmål for domstolane er einaste mogelegheit til å få vedtaket overprøvd.

Partilovnemnda kan likevel sjølv gjere om eit vedtak dersom det skulle vise seg å byggje på eit feilaktig grunnlag eller omgjering elles kan skje på grunnlag av reglane i forvaltningslova § 35.

For Partilovnemnda

Eivind Smith  
leder

Daniel Giske  
sekretariatsleder

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi:  
Sosialistisk Venstreparti, post@sv.no